



## Krav til avslutting og etterdrift av avfallsdeponi etter forureiningslova og avfallsforskrifta for

### Rothaugen avfallsdeponi

Krava er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6, § 20 andre ledd, og er utforma i samsvar med reglane i *forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) § 9-15, jf. vedlegg III. Krava er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i plan for avslutting og etterdrift frå Cowi AS av 27.02.2019 og andre opplysningar om deponiet.

Krava gjeld frå dags dato. Reglane i avfallsforskrifta kap. 9 som gjeld for avslutting og etterdrift er òg gjeldande for deponiet.

Driftsansvarleg må på førehand avklare skriftleg med Fylkesmannen endringar den ynskjer å foreta i forhold til opplysningar som blei gitt i planen for avslutting og etterdrift eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verd.

#### Bedriftsdata

Driftsansvarleg	Aukra kommune
Stad/gateadresse	-
Postadresse	Kommunehuset, Nyjordvegen 12, 6480 AUKRA
Kommune og fylke	Aukra kommune i Møre og Romsdal
Org. nummer (bedrift)	974776421 (eigast av 964981337)

#### Deponidata

Gards- og bruksnummer	Gnr. 8 bnr. 59
Grunneigar	Aukra kommune
Postadresse grunneigar	Kommunehuset, Nyjordvegen 21, 6480 AUKRA
Deponikategori <sup>1</sup>	Kategori 2 (ordinært avfall)

#### Fylkesmannens referansar

Saksnummer	Anleggsnummer	Kontrollklasse <sup>2</sup>
2014/5908	1547.0006.01	3

Krav gitt: 28.01.2020	Endringsnummer: -	Sist endra: -
Christian Dahl (e.f.) fagkoordinator		Thomas Aurdal overingeniør
<i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.</i>		

<sup>1</sup> Jf. avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering av avfall § 9-5

<sup>2</sup> Forureiningsmyndigheita sitt interne system for risikobasert hyppigheit for tilsyn

## **1 Ramme**

Krava gjeld for heile deponiet Rothaugen avfallsdeponi i Aukra kommune. Krava gjeld for avsluttingsfasen og for etterdriftsfasen.

Avsluttingsfasen er tida frå all deponering av avfall har stansa og fram til deponiet er dekt til i samsvar med krava i dette dokument. Avsluttingsfasen kan berre reknast som avslutta dersom Fylkesmannen har gjennomført ein sluttinspeksjon på staden, og har meldt ifrå skriftleg at krava for avslutting er oppfylt.

Med etterdriftsfasen meinast tida frå godkjent avslutting og fram til det tidspunktet deponiet, i samsvar med vurderinga til Fylkesmannen, ikkje lenger kan medføre skadeverknader på miljøet og menneskjers helse.

Deponiet skal vere endeleg avslutta (tiltaka med avslutting av deponiet skal være utført) innan 31.12.2022.

## **2 Generelle krav**

### ***2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg***

All forureining frå deponiet er isolert sett uønskt. Sjølv om utslepp haldast innanfor fastsette utsleppsgrenser, plikter driftsansvarleg å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for gjennom særskilde krav.

### ***2.2 Tiltak ved auka forureiningsfare***

Dersom det som følgje av unormale klimatiske forhold, tiltak på deponiet eller av andre grunner oppstår fare for auka forureining, plikter driftsansvarleg å sette i verk dei tiltak som er naudsynpte for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Driftsansvarleg skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som kan føre til forureining. Akutt forureining skal varslast jf. forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining<sup>3</sup>. Bedrifta skal òg så snart som mogleg informere Fylkesmannen i slike tilfelle.

### ***2.3 Internkontroll, rutinar for drift og vedlikehald***

Driftsansvarleg plikter å etablere internkontroll for avsluttings- og etterdriftsfasen i samsvar med internkontrollforskrifta<sup>4</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at driftsansvarleg retter seg etter alle krav gitt i dette dokument og relevante lover og forskrifter. Den driftsansvarlege plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Driftsansvarleg plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøve.

---

<sup>3</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269

<sup>4</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskrifta)

For alle anlegg som er omfatta av krava i dette dokument, som oppsamlingssystem og eventuelt reinseanlegg for sigevatn, gassanlegg, system for overvatn og grunnvassbrønner, skal det finnast oppdaterte prosedyrar for drift, vedlikehald, oppfølging og kontroll. Det skal vere oppdaterte teikningar og skildringar av plasseringa av anlegga og korleis anlegga er bygd. Det skal regelmessig førast driftsjournal for alle anlegg.

## **2.4 Bruk av underoperatørar**

Dersom driftsansvarleg vel å gjennomføre avslutting og etterdrift ved bruk av underoperatørar, er den driftsansvarlege likevel ansvarleg for at krava til avslutting og etterdrift av deponiet blir følgt. Driftsansvarleg er òg ansvarleg for all rapportering til Fylkesmannen.

## **2.5 Oversikt over deponiet si utstrekning**

Driftsansvarleg skal sjå til at den arealmessige utstrekninga til deponiet er merka på kart. Merkinga skal særleg vise område med farleg avfall. Kartet skal vere tilgjengeleg for framtidige grunneigarar og forureiningsmyndigheta.

## **2.6 Grunnforureining og gravearbeid**

Eigedom gnr. 8 bnr. 59 er registrert i databasen *Grunnforurensning* med lokalitetsnummer 4594. Opplysningar om forureining i grunnen er overført til matrikkelen, som er Noreg sitt offisielle register over fast eigedom.

Bygge- og gravearbeid på eigedomen kan ikkje utførast utan at Fylkesmannen i Møre og Romsdal er varsla og har gitt løyve til slikt arbeid. Vidare skal Fylkesmannen varslast dersom faktisk bruk av eigedomen endrast vesentleg.

# **3 Særskilde krav for avslutting**

## **3.1 Terrengarrondering**

Deponiets overflate og arealet ikring skal vere utforma på ein slik måte at overvatn i størst mogleg grad blir ført bort frå deponiet. Dette gjeld også etter at deponiet har satt seg/sokke saman. Deponiets overflate bør ha eit fall på minimum 3 prosent. Grøfter og liknande system for overvatn som fører vatnet ut av deponiområdet skal opprettast der det er naudsynt, både ikring deponiet og i lavbrekk midt på deponiet. Deponiområdet må tilpassast til seinare bruk.

Det er viktig at det ikkje veks opp større trær på deponiet, då røtene frå desse kan perforere toppdekket og endre hydrologien. Tiltak må utførast dersom det veks opp større trær.

## **3.2 Toppdekke**

Toppdekke er her eit felles uttrykk for dei lag med masser eller membranar som blir lagt oppå avfallet etter at deponeringa er avslutta.

Oppbygginga av toppdekket skal gjerast i tråd med anbefalingane i rapporten til Cowi, med eit minst 0,3 meter tykt, semipermeabelt lag med låg hydraulisk konduktivitet som dekker heile deponiet. Toppdekket må utarbeidast med tanke på at det vil skje ei viss komprimering og nedbryting av massane i deponiet. Eit vekstlag skal plasserast oppå det semipermeable laget. Utforminga av toppdekket må gjerast med tanke på framtidig bruk av areala.

Toppdekket skal utformast slik at det berre slepp gjennom den vassmengda inn i deponiet som er naudsynt for å halde oppe ei naturleg nedbryting av avfallet. I tillegg skal toppdekket bidra til å redusere emisjon av metan og luktande gassar til eit minimum.

Massar som skal nyttast i toppdekke skal ikkje innehalde forureiningsstoff som overstig normverdiane i vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kap. 2. Massar som eventuelt skal nyttast til utfylling av toppdekke skal overhalde mottakskriteria for lettare forureina masser på deponi for inert avfall, jf. avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II, pkt. 2.1.

Tabell 1: Krav til oppbygging av toppdekke:

<b>Toppdekket sitt inndeling i lag</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Materiale</b>	<b>Konkrete krav til djupne, areal eller permeabilitet</b>
Vekstlag	Danne grunnlag for den komande arealbruken og erstatte naturleg jordsmonn. Beskytte det semipermeable laget.	Kan bestå av reine myrmasse frå nærområdet.	Tilpassast komande arealbruk. Djupne i tråd med anbefalingane til Cowi. Må dekke heile deponiet. Tilsåing eller liknande bør gjerast for at deponiområdet etter avslutting skal verte så likt som landskapet elles som mogleg. Det må sørgjast for at ikkje større trær får vekse opp på deponiet.
Semipermeabelt lag	Hindre uheldig inntrenging av vatn frå overflata og utslepp av gassar.	Cowi anbefaler bruk av masse frå eit lokalt steinbrot.	Må ha låg hydraulisk konduktivitet, i tråd med anbefalingane til Cowi. Laget må vere minst 0,3 meter tjukt. Må dekke heile deponiet.
Gassdrenerande grøfter og «vindaug» for oksidasjon	Skal leie gass til «vindaug» for oksidasjon slik at metangass dannast om til koldioksid før utslepp.	Opningane må bestå av materialar som er gunstige for etablering av mikroorganismar som kan oksidere metangass, til dømes kompost blanda med strukturmateriale (flis eller liknande). Materialet vil miste effekten med tida, så det må skiftast ut med eit mellomrom på nokre år.	I tråd med anbefalingane til Cowi («vindauga» bør ha eit areal på om lag 100 m <sup>2</sup> og vere om lag 1,5 meter tjukke).

### 3.3 System for overvatn

Det skal opprettast eit system som leier mest mogleg av overvatnet vekk frå deponiet. Nye grøfter må etablerast, og eksisterande grøft betrast, etter behov og i tråd med anbefalingane i Cowi-rapporten. Grøft skal konstruerast slik at så lite overvatn som mogleg blandast med sigevatnet frå deponiet. For effektiv bortleiing av overflatevatn, må deponiet ha ei helling i tråd med anbefalingane til Cowi.

### **3.4 Oppsamling av sigevatn**

Sigevatn skal samlast opp av fangdam og sigevassleidningar i tråd med anbefalingane i Cowi-rapporten, og leiast vidare til reinseanlegg. Oppsamlinga skal vere slik at så mykje av sigevatnet som mogleg samlast opp og leiast vidare til reinsing. Anlegga for oppsamling må dimensjonerast i tråd med anbefalingane til Cowi.

#### **Handsaming av sigevatn**

Forureina sigevatn og overflatevatn som samlast opp, skal handsamast dersom dette er naudsynt for å oppnå ein forsvarleg kvalitet på utsleppet. Reinseanlegget og -prosessen skal vere i tråd med anbefalingane i Cowi-rapporten.

Ifølgje Cowi leiast sigevatnet inn på ein allereie eksisterande leidning til sjøen, men i denne har det vore gjentakande problem med utfellingar. Det må sørgjast for at denne leidninga spylast og settast i god stand, slik at den har tilstrekkeleg kapasitet.

Fylkesmannen vil kunne stille ytterlegare krav til reinsinga av sigevatnet, mellom anna dersom resultatata frå overvakinga skulle vise at det er naudsynt for å oppnå forsvarleg kvalitet på utsleppet.

### **3.5 Deponigass**

Utførte målingar indikerer at produksjonen av gass i deponiet er låg. Omfattande tiltak for handsaming av deponigass kan difor synast lite hensiktsmessig.

Tildekking av overflata vil gje redusert oksidasjon, og difor kan det ventast noko utslepp av metangass. For å redusere dette anbefalar Cowi at det opprettast vindauge for oksidasjon som gassen som dannast skal leiast til via gassdrenerande grøfter under det tettaste laget i deponiet. I opninga anbefalast det å leggje massar som skal leggje til rette for etablering av metanoksiderande bakteriar. Desse vel då gjere om metanet i gassen frå deponiet til koldioksid.

Fylkesmannen sett som krav at gassdrenerande grøfter og «vindauge» for oksidasjon i tråd med anbefalingane til Cowi opprettast i deponiet, dette for å redusere utsleppa av metangass.

### **3.6 Fjerning av anlegg og avfall**

Eventuelle eksisterande grøfter, leidningar, eller likande som er til hinder for at overflate- og sigevatn vert leia dit det skal, må fjernast.

Eventuelle anlegg ved deponiområdet som ikkje er naudsynte for etterdrifta eller for andre formål, skal rivast.

Avfall oppbevart på deponiområdet må fjernast. I Cowi-rapporten nemnast eldre kaianlegg og båt.

### **3.7 Dokumentasjon etter avslutting**

Når tiltaka for avslutting av deponiet er gjennomført, skal følgjande dokumentasjon sendast til Fylkesmannen:

- a) Ajourført kart over eigedomar dersom det har skjedd endringar i eigedomstilhøva.
- b) Ajourførte teikningar av eksisterande installasjonar og anlegg.
- c) Eventuelt forslag til endringar i overvakingsprogrammet for etterdriftsfasen.
- d) Plan over nøyaktig plassering (koordinatar) av alle prøvepunkt for overvatn, grunnvatn og sigevatn. Alle prøvepunkt skal visast med ei eintydig merking.
- e) Plan over nøyaktig plassering (koordinatar) av målepunkt for kor mykje massane søkk saman i deponiet. Alle målepunkt skal ha ei eintydig merking.
- f) Plan for drift og vedlikehald av anlegg og tekniske installasjonar.

### **3.8 Avsluttingsinspeksjon**

Seinast ein måned etter avslutting av deponiet skal driftsansvarleg sende melding til Fylkesmannen og be om avsluttingsinspeksjon.

### **3.9 Sikring av området**

Det må vere gjerde rundt deponiet som skal bestå i minst 10 år etter at tiltaka for avslutting av deponiet er gjennomført.

Det må settast opp skilt ved vindauga for oksidasjon som informerer om risikoen ved bruk av eld i området.

## **4 Særskilde krav for etterdrift**

### **4.1 Drift av anlegget for handsaming av sigevatn**

Anlegga for handsaming av sigevatn skal drivast og haldast i stand inntil Fylkesmannen har godkjend at anlegget kan stengast ned.

Det skal kvart femte år, i samband med utvida prøveprogram, gjennomførast ei vurdering av behovet for vidare drift av eksisterande anlegg for handsaming av sigevatnet og eventuelt behovet for tiltak for oppgradering av anlegget eller for ytterlegare tiltak.

### **4.2 Drift av system for bortleiing av overvatn**

Systema for å leie vekk overvatn skal haldast i stand og rehabiliterast eller utvidast etter behov, slik at minst mogleg overvatn tilførast deponiet.

### **4.3 Drift av system for handsaming av gass frå deponiet**

Målingar av gass frå deponiet og søk etter lekkasjar skal utførast kvart kvartal det fyrste året etter at deponiet har blitt dekkja over og oksidasjonsvindauga har vorte etablert. Vurderingar og målingar av tilstanda i filtermaterialet skal utførast i tråd med anbefalingane i rapporten frå Cowi. Filtermaterialet vil miste effekt med tida, og må difor skifast ut ved behov.

Etter det fyrste driftsåret kan desse kontrollane utførast årleg i staden for kvart kvartal.

#### **4.4 Drift av anlegg og tekniske installasjonar**

Alle anlegg og tekniske installasjonar skal driftast og haldast i stand slik at disse ikkje representerer nokon fare for menneskje og natur.

### **5 Krav til kontroll og overvaking i avsluttings- og etterdriftsfasen**

#### **5.1 Krav til prøvetaking og analyse**

All måling, prøvetaking og analyse skal gjennomførast etter Norsk Standard eller ein annan relevant standard. Prøvar skal analyserast av eit laboratorium med relevant og oppdatert akkreditering. Fylkesmannen kan krevje endra omfang av måleparameter og hyppigheit ved behov.

Det skal takast prøvar for å dokumentere spreiding og utslepp frå deponiet og for å dokumentere effekten av reinsinga. Prøvetakinga må dekke sigevatn, sigevassediment, grunnvatn, overflatevatn, diffuse utslepp og resipient.

#### **5.2 Tiltaksgrenser for sigevatn**

Det må fastsettast kriterie for når utslepp av sigevatn er slik at det må settast i verk ytterlegare tiltak. Kontroll- og overvakingsprogrammet må vere utforma slik at det er lett å sjå om kriteria er overskrida. Variasjonar i utslepp som føres gjennom reinseanlegg skal ikkje avvike frå kva som følger av normal drift av anlegget.

#### **5.3 Overvaking i avsluttings- og etterdriftsfasen**

Deponiet skal ha eit overvakingsprogram for avsluttings- og etterdriftsfasen for sigevatn, sigevassediment, grunnvatn, overflatevatn, diffuse utslepp, resipient og deponigass i tråd med anbefalingane til Cowi og i samsvar med avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg III og rettleiaren for overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi, TA-2077/2005. Overvakinga skal kunne avdekke eventuelle sigevasslekkasjar eller endringar i deponiets vasstilførsel.

Det er viktig at prøvane takast på hensiktsmessige plassar.

Både sigevatn som er handsama og som ikkje er handsama må prøvetakast, dette for å sjå effekten av reinsinga.

Eit forslag til revidert overvakingsprogram for etterdriftsfasen skal sendast til Fylkesmannen til uttale som del av sluttdokumentasjonen på gjennomført avslutting, jf. vilkår 3.8. Programmet skal ta utgangspunkt i overvakingsresultat frå drifts- og avsluttingsfasen og minimumskrava til prøvetakings- og analysefrekvens i tabell 3.

Dei fleste av prøvane skal takast ein gong per kvartal, med ein utvida pakke før prøvetaking kvart femte år. Sjå Cowi sin rapport for ei nærare skildring av kva som er anbefalt for kvar type prøve. Prøvetakinga skal innleiest ved å gjennomføre det utvida programmet.

Parameterane som det skal takast prøvar av går fram av Miljødirektoratets rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi, TA-2077/2005 og rapporten frå Cowi. Cowi sin rapport har også retningslinjer for kva faktorar som bør registrerast i tilknytning til prøvetakinga.

Eventuelle endringar i programmet som ein ynskjer utført i løpet av etterdriftsperioden må avklarast med Fylkesmannen i forkant.

### **5.3.1 Kontroll av toppdekke og kor mykje deponiet søkk saman**

Toppdekket skal kontrollerast for sprekkar, hòl og erosjon minimum ein gong i året. Målingar av kor mykje deponiet søkk saman skal gjennomførast minimum kvart tredje år. Hòl og sprekkar skal tettast og skadar på grunn av erosjon skal betrast. Dersom deponiet søkk saman slik at det vert danna dammar på overflata, skal det gjerast tiltak slik at vatnet igjen vert leia vekk frå deponiet.

### **5.3.2 Overvatn**

Overvassleidningar, overvasskummar, overvassgrøfter, bekkeinntak og bekkelukkingar skal kontrollerast minst to gonger i året og naudsynte utbetringar utførast etter behov.

Overvatnet sitt innhald av forureiningskomponentar skal overvakast ved regelmessig prøvetaking oppstrams og nedstrams deponiet i samsvar med fastsett kontroll- og overvakingsprogram.

### **5.3.3 Sigevatn**

Sigevassleidningar og kummar skal kontrollerast minimum ein gong i året og naudsynt reinhald og utbetringar skal utførast etter behov.

Mengda sigevatn skal registrerast kontinuerleg. Innhald av forureiningskomponentar i sigevatnet skal overvakast ved regelmessig prøvetaking av innløp og utløp til reinseanlegget eller ved punkta for påslepp til kommunalt nett i samsvar med fastsett kontroll- og overvakingsprogram. Fullt overvakingsprogram skal gjennomførast kvart femte år, også for parameterar som ikkje tidlegare har vore påvist.

Bassenget for sedimentasjon må tømmast med jamne mellomrom. Det fyrste året må det følgjast opp hyppig for å sjå etter oppbygging av sediment på botnen til en ser kor mykje som dannast, og deretter må tømning utførast etter behov. Sediment som fjernast skal leverast til godkjent mottak.

### **5.3.4 Grunnvatn**

Grunnvassbrønner skal kontrollerast for skadar og liknande minimum ein gong i året, og utbetringar må utførast etter behov.

Innhald av forureiningskomponentar i grunnvatnet skal overvakast ved regelmessig prøvetaking oppstrams og nedstrams deponiet i samsvar med fastsett kontroll- og overvakingsprogram.

### **5.3.5 Deponigass**

Anlegga for leiing og oksidasjon av gass frå deponiet må kontrollerast jamleg for å vurdere om dei er intakte og fungerer etter hensikta. Dette må utførast kvart kvartal det fyrste året, og deretter årleg.

Sjå rapporten frå Cowi for ei nærare skildring av kva kontrollen bør omfatte.



## 6 Rapportering

Driftsansvarleg skal årleg rapportere til forureiningsmyndigheita i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for rapportering, jf. § 9-13 i avfallsforskrifta og krav satt i kontroll- og overvakingsprogrammet.

Rapporteringa skal skje seinast innan 1. mars påfølgjande år og elektronisk via Altinn.

Følgjande data skal fyllast inn i elektroniske skjema:

For sigevatn:

- konsentrasjonar av forureiningskomponentar i sigevatnet ut frå deponiet (før reinsing)
- konsentrasjonar av forureiningskomponentar i sigevatnet etter lokal reinsing
- sigevassmengde, totalt for året
- konsentrasjonar av forureiningskomponentar i sigevass-sedimentet.

For overvatn og grunnvatn skal rapporteringa omfatte konsentrasjonar av forureiningskomponentar oppstraums og nedstraums deponiet.

I tillegg skal rapporteringa omfatte eit vedlegg i form av eit pdf-dokument, kor det gis en:

- vurdering av analyseresultata for overvakinga av vatn
- vurdering av behov for tiltak for handsaminga av vatn
- oversikt over resultatane frå gassmålingar og ei vurdering av behov for tiltak for handsaminga av gass frå deponiet
- oversikt over og vurdering av eventuelt innhald av forureiningskomponentar i resipienten
- oversikt over kor mykje deponiet har sokke saman under dei siste tre åra.
- oversikt over utførte miljøtiltak.

## 7 Opphøyr av etterdrift

### 7.1 Søknad om opphøyr av etterdriftsfasen

Når resultatane frå kontroll- og overvakingsprogrammet viser at deponiet ikkje lenger kan vere til skade for menneskje og natur, kan driftsansvarleg sende søknad til Fylkesmannen om å avslutte etterdrifta.

### 7.2 Dokumentasjon

Ved søknad om opphøyr av etterdriftsfasen skal følgjande dokumentasjon sendast Fylkesmannen:

- a) Oppsummering av analyseresultat/rapporteringsdata for dei fem siste åra.
- b) Risikovurdering av deponiets verknad på menneskje og nærmiljø og faren for framtidige hendingar som kan ha påverknad på miljøet og menneskje.
- c) Skildring av tiltak for å avslutte etterdriftsfasen (riving av anlegg, fjerning av infrastruktur og gjerde, oppfylling, terrengarrondering, planting og liknande).
- d) Revidert reguleringsplan med krav dersom det har skjedd endringar i løpet av etterdriftsperioden.
- e) Oversikt som viser gjennomførte avsluttings- og etterdriftstiltak.

### 7.3 Inspeksjon før opphøyr av etterdriftsfasen

Fylkesmannen skal foreta inspeksjon før opphøyr av etterdriftsfasen kan akseptrast.

## **8 Førebuande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining**

Det skal til ei kvar tid finnast ein oppdatert beredskapsplan. Driftsansvarleg skal sørgje for naudsynt beredskap i samsvar med planen for å hindre, oppdage og stanse akutt forureining frå deponiet og tilhøyrande anlegg som omfattast av krava til avslutting og etterdrift.

Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som deponiet til ein kvar tid representerer og ta utgangspunkt i ein risikoanalyse.

## **9 Skifte av eigar**

Driftsansvarleg er ansvarleg for å varsle Fylkesmannen dersom eigedomen skal skifte eigar eller ansvaret for avslutting og etterdrift skal overførast til eit anna ansvarleg føretak. Melding skal sendes så snart som mogleg og seinast innan ein månad før endringa har skjedd.

## **10 Tilsyn**

Driftsansvarleg plikter å la representantar for forureiningsmyndigheita føre tilsyn med deponiet til ei kvar tid.